



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

STATENS HUS, LAGÅRDSVEIEN 78 - POSTADR.: POSTBOKS 59, 4001 STAVANGER - TELEFON.: 51 56 87 00  
LANDBRUKSAVDELINGA.: KLUBBG. 1, POSTBOKS 210, 4001 STAVANGER - TELEFON: 51 85 68 00

# RÅD OM HEIMEKOMPOSTERING

## STRØ

Som strø i komposten kan ein bruka mange ulike material t. d. greiner frå hagen som vert malt opp i ei kompostkvern. Greinene kan vera av lønn, pil, asal og andre lauvfellande tre og av prydbuskar. Denne flisa kan godt blandast opp med flis frå gran- og furugreiner. Både blad og nåler kan vera på greinene ved oppmaling.

Høvelspon og dreiespon med innblanding av sagespon av uimpregnert material er godt strø. Turrt lauv er godt som strø, men lauv av eik skal ein ikkje bruka mykje av, då det inneheld garvesyre og vert seint nedbrote p.g.a. høgt ligninnhald.

Anbefalt mengde: 4 liter strø + 6 liter matavfall = 10 liter i alt.

Tilråding: 40 - 50 % strø.

## VED BRUK

Før du tømmer nytt matavfallet i bingen lagar du ei grop i det du har tømt tidlegare. Bruk ei greip. Skyv avfallet i mitten ut til kantane og litt oppetter sidene. I den gropa du får i mitten av bingen tømmer du det nye avfallet. Med dette oppnår du å blanda i det gamle avfallet og du får det nye samla i mitten der det utviklar seg høgast temperatur. Tøm avfallet 1-2 gonger i veka.

Hushaldningsavfallet må blandast med  $1/3$  -  $1/2$  med strø. Dette kan gjerast anten ved å ha strøet i botnen på søppelbøtta, eller ved å blanda inn strø etter at ein har hatt matavfallet i kompostbingen. Dersom ein har strøet i botnen på søppelbøtta vil det trekkja til seg den fugtighet som sig av frå matavfallet som vert tømt i bøtta. Når bøtta vert tømd i kompostbingen vil strøet i botnen på bøtta koma øverst i bingen. Strøet fungerer då som eit "biofilter" og fangar opp mykje av den vanddampen som stig opp frå kompostmassen. Denne vanddampen er rik på nitrogen (ammoniakk).

## OPPSTART OG UTTAK

Ved oppstarting av bingen er det viktig å leggja eit godt lag med grov flis eller smågreiner i botnen, ca 10 cm tjukt. Dette kan vera den grovaste delen av flisa eller oppkutta smågreiner. Over dette grove laget kan ein gjerne leggja to lag avisapir slik at ikkje dei fyrste matrestane forsvinn ned mellom greinene. Stikk nokre hol med ein stor spiker i avisapiret slik at luft som kjem inn gjennom opningane i botnen av bingen, kan strøyma opp i kompostmassen. Legg litt vanlig strø (3-5 cm) oppå avisapiret Deretter kan ein ha matavfallet i bingen.

Ved uttak av bingen er det greit å bruka greip og arbeidshanskar. Legg det øverste laget (20 - 30 cm) med uferdig kompost på ein plass for seg sjølv (i ein kasse eller trillebåre). Ta deretter ut den delen av komposten som er kald, den skal normalt vera brun og fuktig. Legg den til ettermodning i ein haug eller i ein kompostbinge for hageavfall. Legg over plast dersom den vert utsett for regn og utvasking av næringsstoff. Ta av plasten av og til og sjå om komposten er passe fuktig. Turr kompost vert ikkje omdanna.

Tilsett vatn dersom den ser turr ut.

Den uferdige komposten som l g p  toppen og som normalt vil vera varm, skal leggjast inn igjen i bingen etter at den er t md, men fyrst m  det leggjast nytt grovt str  i botnen. Det er og viktig   sj  etter at lufteholene i botnen er opne. Stikk dei eventuelt opp med ein pinne eller spiker.

### KORLEIS F  VARME I KOMPOSTEN

Ved omdanning av matavfallet til kompostjord vert det frigjort mykje varme. Det er stort sett soppar og bakteriar som st r for denne prosessen i ein kompostbinge, men god lufttilgang og fuktig masse er heilt n dvendig for   f  ein god omdanningsprosess. Det er viktig   snu regelmessig i kompostmassen med ei vanleg greip. Men har ein ikkje nok matavfall til   halda varmen oppe, er det viktig   veta korleis ein kan tilf ra kompostbingen ekstra "varmeenergi".

**Plengras og ugras** inneheld mykje nitrogen og er ei god energikjelde for   f  opp varmen i kompostbingen. Ha gjerne i to store b reposar i p  ein gong, men bland d  inn ca   pose til med str . Dette kan gjerast n r du klipper plenen heile sommaren.

**Gr ne blad** fr  stauder, hekklypp, tomatplanter, agurkplanter, rabarbrablod og lignande er ei god "varmekjelde". Hugs str .

**H y** kan tilsetjast i mangel av gr nt, friskt gras. Pr v med opptil ein b repose + litt varmt vatn.

**Hestelort** kan brukast for   f  opp varmen i komposten. Pr v med ei til to b tter per gong pluss litt flis, ca 1/5. Hestelorten inneheld mykje bakteriar, soppar og lett yselege n ringsstoff.

**Gr ne barn ler av gran og furu.** Dei yngste skota p  greiner av gran og furu kan malast opp i ei kompostkvern og brukast i kompostbingen. Ved knusinga av greinene i kverna vert n lene sundslegne og plantesafta i n lene, som inneheld nitrogen, aukar temperaturen i bingen.

**Sukker eller kalksalpeter** kan i mangel av anna brukast. Ein neve sukker eller ei spiseskjei kalksalpeter per liter vatn. Vatnet skal vera varmt og t mast jamt utover komposten. Dette er ikkje noko tiltak for ein kald kompost som er for fuktig. D  er det fyrst og fremst str  og noko "gr nt" som m  blandast inn.

### BINGE FOR ETTERMIGNING AV KOMPOST

Ein binge for kompostering av hageavfall og ettermogning av r kompost kan byggjast t.d. av gerasjeblokker. Det b r vera st ypt botn, men avl p slik av vatn kan sleppa ut og samlast opp i ei b tte. Dersom bingen st r utsett til for regn b r den ha lokk over for   unng  utvasking av n ringsstoff. Sidene i bingen m  vera tette for   ta vare p  s  mykje av varmen som mogeleg. Snu i komposten med greip og tilsett vatn der det er turrt.

Stavanger 24.11.1997

*Ketil Fuglestad*  
Ketil Fuglestad  
fylkesgartnar